



Notat

Dato: 07.08.2014
Arkivsak: 2014/64-12
Saksbehandlar: torklin

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Revisjon av RTP handlingsprogram - orientering

Bakgrunn

Regional transportplan sitt handlingsprogram vart vedteke i desember 2012 og gjeld for perioden 2013-2017. No er me snart halvvegs i planperioden og det er behov for å oppdatere handlingsprogrammet med økonomiske rammer og prosjektomtale i høve til fylkesbudsjettet.

Behov

Handlingsprogrammet omfattar to delar, del I tek føre seg utgreiingsoppgåver medan del II i hovudsak omhandlar handlingsplan for fylkesvegnettet. Del I vil reviderast som i fjar, med rapportering og statusomtale av kvart tiltak.

Del II vil gjennomgå tekstleg revisjon - særleg er det behov for revisjon av prosjektomtale, der nokre prosjekt er avslutta eller gjennomførte medan andre er forseinka eller utsett i høve til oppsett framdrift. Det er også behov for revisjon av sjølv «handlingsprogramtabellen» (tabell 2) og ein generell gjennomgang av all finansiell omtale knytt til ulike løyvingar, meir- og mindreforbruk, refusjonar mm.

Utfordringar

RTP med handlingsprogram er overordna styrande dokument for dei økonomiske rammene for fylkesveginvesteringane og prioriteringar for perioden. Det vil alltid vera større eller mindre avvik både på framdrifta i prosjekta, og på prosjektkostnaden i høve til budsjett. Ulike tal finst i budsjett, økonomiplan, plan- og byggeprogram og handlingsprogram for perioden. Handlingsprogramtabellen er eit levande dokument og det er utfordringar knytt til å vurdere desse rammene mot dagens status. Når ein no nærmar seg midtvegs i perioden må ein vurdera status opp mot prognosar og reviderte framdriftsplana.

I statsbudsjettet for 2013 vart meirverdisatsen for vegsektoren auka til 25%, medan det tidlegare var gradert meirverdiavgift for ulike typar tiltak. Dette er ein viktig grunn til at det er vanskeleg å samanlikna tidlegare kostnadsoverslag med nyare overslag der momssatsen er høgare. Gjennom revisjon av handlingsprogrammet vil handlingsprogramtabellen også justerast i høve til gjeldande moms-reglar.

Tiltaket strekningsvise utgreiingar er eit av hovudgrepa i gjeldande handlingsprogram. Utgreiingar skal gjennomførast på heile det overordna vegnettet, og konkludere med framlegg om aktuelle utbetningsstandardar og praktiske etappar. Gjennomførte utgreiingar vil vera eit godt fagleg grunnlag og eit

viklig verkty i høve til prioritering av tiltak på det overordna fylkesvegnettet. Utgreiingane vil vera ferdigstilte i løpet av planperioden / rullering 2016.

Ettersom dei strekningsvise utgreiingane ikkje er ferdige, samstundes som det er lite økonomisk handlingsrom i perioden, vert det ikkje lagt opp til nye fylkesvegtiltak i samband med denne revisjonen. Dermed vert heller ikkje framlegg til revidert handlingsprogram sendt på høyring.

Organisering

Det vert lagt opp til mest mogleg bruk av interne ressursar, fordelt på veg- og transportplanseksjonen. Vegvesenet vil også delta i arbeidet, mellom anna i høve til budsjett- og prosjektomtale. Fylkesvegrådet vil vera styringsgruppe for arbeidet.

Rullering av handlingsprogram 2015 - 2017

Ein tek sikte på handsaming i samferdselsutvalet og fylkesutvalet i november 2014 og vedtak i fylkestinget desember 2014. Nytt handlingsprogram vil gjelda for 3-årsperioden 2015 – 2017. Etter vedtak vil handlingsprogrammet få nytt opptrykk.

Rullering av regional plan 2018 - 2029

Sjølvle planen, *Regional transportplan 2013 – 2024*, skal rullerast og vedtakast seinast desember 2017. Ny regional plan vil gjelda for planperioden 2018 - 2029 med handlingsprogram gjeldande for 2018 - 2021. Prosessen knytt til denne rulleringa vil starta opp i løpet av 2015, og vil følgja plan- og bygningslova sine krav til medverknad og høyring.